



*Kommunikasjonskuba* er eit populært eksperiment når Science Circus er rundt på skulane med si ambulerande realfagsutstilling. Foto: Hanne Madsen \*Jærmuseet

# Årsrapport for Jærmuseet 2005

OPPSUMMERING AV AKTIVITETAR  
RESULTATREKNESKAP  
BALANSE

Ved utgangen av 2005 kunne Jærmuseet igjen notera ny publikumsrekord. Dette året var Jærmuseet det best besøkte museet i Rogaland med i alt 76 283 gjester. 2005 var eit år med fleire viktige merkesteinar. I februar opna kulturministeren Abelloftet i Sandnes med matematikkutstillinga "Alle teller".

Dei nye vitensenterutstillingane på Kvia, "... men mat må me ha", kunne opna i mai. Arrangementet var eit samarbeid med Fylkesmannens landbruksavdeling og landbruksnæringa på Jæren, og markerte samtidig opninga av "Streif" – landbruks- og matdepartementet si markering av hundreårsjubileet for unionsoppløysinga.

Det blei gjennomført 15 aktivitetsdagar fordelt på ulike anlegg, og museet var også dette året vertskap for det regionale forskningstorget under Forskningsdagane og for Nysjerrigperkonkurransen i "Region sør". Jærmuseet deltar nå i to faglege museumsnettverk. I 2005 arrangerte museet dessutan eit nasjonalt kurs i smiing og kunstsminiing.

## AVDELINGAR OG ANLEGG

Jærmuseet er regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå. Dette er den befolkningsmessig tyngste museumsregionen i Rogaland med om lag 140.000 innbyggjarar. Jærmuseet sitt hovudkontor ligg på Jærmuseet Kvia (Vitengarden), Nærø.

Pr. 31.12.2005 bestod Jærmuseet av følgjande avdelingar og anlegg:

- JÆRMUSEET KVIA
- SANDNES MUSEUM
- HÅ BYGDEMUSEUM
- GJESDAL BYGDEMUSEUM
- SCIENCE CIRCUS- «VITENSENTER PÅ HJUL».

Sidan 1997 har museet elles hatt eit museumsfagleg ansvar for Flyhistorisk Museum Sola. Frå 1.01.2006 har Jærmuseet overtatt driftsansvaret for Klepp bygdemuseum, Haugabakka og frå 0.03.2006 ansvaret for samlingane til Randaberg bygdemuseum.

## «SØRVESTNORSK VITENSENTER»

Sidan 2003 er Jærmuseet eitt av seks regionale vitensentra utpeika av UFD/Kunnskapsdepartementet.

Desse anlegga utgjer museet sine vitensenteravdelingar: Jærmuseet Kvia («Vitengarden»), Sandnes museum og vitensenter («Vitenfabrikken») og Science Circus.

## Styret

Pr. 31.12.2005 hadde styret i Jærmuseet desse medlemmene:  
Martha J. Ulvund, styreleiar (frivillige medlemmer)  
Ivar Russdal (frivillige medlemmer)  
Roald G. Bergsaker, nestleiar (Rogaland fylkeskommune)

Karl Edvard Aksnes (Gjesdal kommune)

Terje Mjåtveit (Hå kommune)

Elfin Lea (Klepp kommune)

Tor Alm (Randaberg kommune)

Jostein W. Rovik (Sandnes kommune)

Per Øhman (Sola kommune)

Michael Evans (Time kommune)

Olav M. Bråteit (Tilsette)

Varamedlemmer: Torleiv Bilstad (frivillige medlemmer)

Tobias Ånestad (frivillige medlemmer)

Liv Todnem (Rogaland fylkeskommune)

Knut Fjeldheim (Gjesdal kommune)

Magnar Matningsdal (Hå kommune)

Håvard Erga (Klepp kommune)

Leif Egil Torkelsen (Randaberg kommune)

Norunn Østråt Koksvik (Sandnes kommune)

Ernst Schønborg (Sola kommune)

Arnfinn Vigrestad (Time kommune)

Solveig Hope (Tilsette)

## 2005 – nøkkeltal:

- BESØK: Jærmuseet hadde ein sterk auke i besøkstalet frå 2004 til 2005. Samla besøk i 2004 var 47.913, i 2005 var samla besøk **76.283**! Av dette var 39.600 barn og unge i organisert undervisning. Elles utgjorde barn og unge om lag 68% av samla besøk. Størst auke i 2005 hadde avdelinga Jærmuseet Kvia med 39.200 gjester, inkludert utleige, medan ein i 2004 hadde 27.472.
- ØKONOMI: Jærmuseet hadde i 2005 ei samla «omsetning» på vel 20.79 mill. kroner, inkludert investeringar.
- ÅRSVERK: 17,8 faste årsverk. Prosjektstillingar, vertar

og mellombels engasjement: 8,4 årsverk. Årsverk i alt, inkludert frivillige: 27,9. I alt 89 personar fekk utbetalt løn eller honorar frå Jærmuseet i 2005. 20 personar var fast tilsette.

- ÅPNINGSTIDER: 316 dagar og 1661 timar, i 2004 var talet 268 dagar og 1333 timar.
- ANTIKVARISKE BYGNINGAR: 40, som året før.
- SAMLINGAR: 33 030 gjenstandar, 158 127 fotografi, 202 hyllemeter privatarkiv.

## DELTAKING I NASJONALE NETTVERK

### Samtidsnettverket

Kulturdepartementet stiller krav om at alle muse som mottar statstilskot frå KKD skal delta i minst eitt nasjonalt fagleg nettverk. Jærmuseet har gjennom mange år deltatt i det såkalla Samtidsnettverket, og har tidlegare gjennomført fleire større dokumentasjonsprosjekt: "Med sau en til heis", "Plasten i landbruket", "Mjølk eller gulrot". Det siste danna m.a. grunnlaget for eit godt samarbeid med tomaryrkaranane/veksthusmiljøet på Vik i Klepp.

I 2005 gjennomførte samtidsnettverket eit forprosjekt til ei ny nasjonal satsing på samtidsdokumentasjon og forsking i musea, "På sporet av den tapte samtid".

Forprosjektet blei leia av professor Odd Are Berkaak, Universitetet i Oslo. Kulturvernuntnalet i Norsk kulturråd har løyvt kr 3,9 millionar for perioden 2006 – 2009. Målet for satsinga er å styrke samtidsperspektivet og heva forskingskompetansen. Som ein strategi i dette arbeidet ønsker ein å utvikla konkrete modellar for samarbeid mellom musea og forskingsmiljøa. Jærmuseet er med i eitt av 13 prosjekt som er med i prosjektet. Vårt prosjekt "Konflikter i hverdagen" – er eit samarbeid



Jærmuseet sette ny besøksrekord i 2005. Til saman, med alle anlegg, hadde Jærmuseet 39.600 barn og unge i organisert undervising. Frå undervisingsopplegget i Gjesdal: Naturfag, fiske i Limavatnet, 5. – 10. klasse.

Foto: Tore R Nielsen \* Jærmuseet

mellan Jærmuseet, Akershus Fylkesmuseum og Sosialantropologisk institutt ved Universitetet i Oslo. Temaet er mat. Me ønskjer å følgja med i ulike media i eit gitt tidsrom, for å sjå på medieoppslag og kosthaldspropaganda. Dette skal samanliknast med kva folk gjer i praksis og korleis dei reagerer på medieoppslaga. Resultata skal gi svar på spørsmål om korleis den offentlege debatten verker inn på folks praksis. Til prosjektet får Jærmuseet ei løying på kr 263.000 fordelt over tre år. I tillegg kjem eigeninnsats. Dette prosjektet har direkte relevans til eit deltema i utstillinga "men mat må me ha".

## KULTURLANDSKAPSNETTVERKET

Jærmuseet deltar også i kulturlandskapsnettverket med prosjektet "Skjøtselmetodar for llynghøi". Dette er eit samarbeid mellom Jærmuseet, Bioforsk Særheim og Hå kommune v/landbrukssjefen. Jærmuseet har fokusert på kystlynghei når det gjeld kulturmarkstype. Kystlyngheia har lang kulturtadisjon langs heile den norske vestlandskysten, men også

langs store delar av den vesteuropeiske kyststripa samt delar av Storbritannia og fleire av øyene i Nordsjøen. Utfordringa knytt til kystlyngheia er at det moderne landbruket ikkje ser ut til å ha bruk for denne kulturmarkstypen lenger, og dermed forsvinn den aktive forvaltninga som trengs for at lyngen skal fornya seg. Viktige biotopar for insekt, småkryp, fuglar og dyr blir då truga. Det faglege ansvaret for Jærmuseet sitt prosjekt har forskrarar (botanikarar) ved Bioforsk på Særheim (<http://www.bioforsk.no/>). (Bioforsk Horticulture and Urban Greening – Særheim) Dei står for metodikken og dokumentasjonen. Andre samarbeidspartnarar er Fylkesmannen i Rogaland og Hå kommune. Universitetet i Stavanger har også synt interesse for å bli med for å registrera fuglebiotopar. Jærmuseet står for den praktiske gjennomføringa og formidlinga både overfor ulike skulemiljø og det allmenne publikum.



Jærmuseet deltar m.a. i Kulturlandskapsnettverket med prosjektet "Skjøtselsmetodar for lynchei". Dette er eit samarbeid mellom Bioforsk Særheim, Hå kommune v/landbrukssjefen og Jærmuseet. Her er frivillige pensjonistar med og slår lycn i Hanabergmarka. Under sving av lycn er også elevar frå Nærø ungdomsskule med.

Foto: Jærmuseet.

## NAV

Elles deltar Jærmuseet i "NAV" - nettverk av norske vitensentra. Dei seks regionale vitensentraene har leiarmøte/arbeidsmøte fleire gonger i året. Vanlegvis arrangerer NAV også to årlege fagseminar som er opne for andre institusjonar, muse og organisasjonar som arbeider med vitensenterpedagogikk og interaktiv formidling av realfag.

## UTSTILLINGAR OG AKTIVITETAR

I 2005 fullførte Jærmuseet fleire store utstillingsprosjekt:

### Vitensenteret på Kvía

med den nye utstillinga "...men mat må me ha" blei fullført våren 2005 og opna av statssekretær Yngve Slettholm 22. mai. Med dette har Jærmuseet Kvía/Vitengarden ca 1200 m<sup>2</sup> vitensenterutstillingar. Staten har framheva denne utstillinga som eit pilotprosjekt for vitensentra i Norge, og Jærmuseet fekk i alt 11 mill. over statsbudsjettet 2001 – 2003.

Prosjektet er gjennomført med fagleg støtte frå ei rekke fagmiljø; Geologisk Institutt i Bergen og NGU (Norges Geologiske Undersøkelser) i Trondheim, Høgskolen/ Universitetet i Stavanger - særleg realfagsseksjonen ved lærarutdanninga (samarbeidsavtale 2003), Forskarar på Institutt for matematikk og naturvitenskap, Norsk Kjemisk Selskap, Bioforsk (Planteforsk) på Særheim i Klepp, Norges veterinærhøgskole, Institutt for småforskning (ISf) i Sandnes, Mattilsynet avd. Rogaland, Arkeologisk museum i Stavanger, NIKE , Handverksregisteret på Maihaugen, Riksantikvaren, Jæren Birøktarlag, Jæren Gartnerlag.

Bedrifter som har vore med i utvikling og bygging av eksperiment og utstillinga: VekstTeknikk, Nærø; VekstMiljø, Sandnes; ECS, Bryne; TriTec, Kverneland; Stålteknikk, Sta-



**Vitensenteret midt i matfaret** (Til venstre) Statssekretær i Kultur- og kyrkjedepartementet Yngve Sletholm stod for opninga av arrangementet. Her får han rettleiing i å laga plogskjer av avdelingsleiar Anne Jorunn Frøyen. Foto: Ivar Reed Nakken \* Jærmuseet

**Fjosopera** (til høgre) var eit populært innslag under opninga av «... men mat må me ha». Her er to av trioen bak førestellinga, Helene Haarr og Ann-Beth Solvang. Foto: Ivar Reed Nakken \* Jærmuseet



Kan du balansera vekta? Utprøving av "kraft x arm" og andre matematiske likninger kan vera ganske gøy.

Foto: Jærmuseet.



Koss kan du sykla på ein sykkel med firkanta hjul?  
Kom og prøv på Abelloftet!

Foto: Jærmuseet

vanger; Kulisseverkstaden på Den nasjonale Scene, Bergen; Norsk Modellverkstad, Sandnes; Film og Foto Design, Stavanger; ArtPC, Stavanger; Adsign, Stavanger; Alfabet, Sandnes; Unniform, Stavanger; BitMap, Stavanger; Geodatasenteret, Arendal. Opninga 22. mai markerte samtidig opninga av "Streif 2005" i Rogaland, og var eit samarbeid med Fylkesmannens landbruksavdeling. "Streif" var landbruket og landbruks- og matdepartementet si markering av hundreårsjubileet for unionsoppløysinga.

#### Abelloftet på Sandnes museum

Matematikkutstillinga "Alle teller" blei opna av kulturminister Valgerd Svarstad Haugland 9. februar 2005. Abelloftet omfattar om lag 350 m<sup>2</sup> utstillingar og ca. 35 interaktive eksperiment, og er lokalisert på loftet i Solavn. 10. I prosjektgruppa bak utstillinga har ulike organisasjoner og fagmiljø vore representert – m.a. TEKNA si seniorekspertgruppe (SEGRO), NHO, NITO, Stavanger astronomiske foreining, UiS/realfagseksjonen ved lærarutdanninga, Gand vid. skole og Lyse energi. I tillegg har prosjektet fått økonomisk støtte frå Inge Stenslands Stiftelse, Rogaland fylkeskommune, Sandnes kommune, Varner Invest AS, Sandnes Sparebank, Øvstebø eiendom og Melvær og Lien AS. Styret i Abelfondet har også påskjønna avdelinga med ei gåve på 10.000 kroner.

#### Aktivitetsdagar og særskilde arrangement

Jærmuseet har eit godt samarbeid med lag og organisasjoner. I 2005 blei det på museet sine ulike anlegg arrangert 15 opne aktivitetsdagar, og elles fleire opne bokkveldar, føredrag m.m. Jærmuseet v/Sandnes museum var arrangør av det regionale Forskingstorget i samarbeid med Forskningsdagane. Jærmuseet v/Kvia har ansvaret for den regionale finalen i



#### «Vitenserteret midt i matfatet»

«Mat og kulturlandskap» var eit hovudtema for «Streif». I tillegg til Fylkesmannens landbruksavdeling deltok både bondelag, bondekvinnelag, landbrukssamvirket, 4H og mange lokale råvareprodusentar med aktivitetar på 4H garden, vandring i kulturlandskapet i Hanabergmarka og demonstrasjons- og salsboder for produsentane på Vestre Vodlen. Arrangementet manifesterte verkeleg at Jæren er kjernen i «Matfylket Rogaland». Mellom dei lokale produsentane som viste fram eller selde produkta sine var Hans Voll frå Klepp med jærosten Jemima og Jorunn Oftedal, Svend Dysjaland, og Kjetil Fuglestad i «Aronia Jæren».

All foto: Ivar Reed Nakken \*Jærmuseet

Nysgjerriger, Region sør, og er vidare representert i den nasjonale juryen. "Region sør" omfattar i denne samanhengen fylka Rogaland, Vest-Agder, Aust-Agder, Telemark og Vestfold. Dei siste åra har Jærmuseet skipte til ein eigen aktivitetsdag på Kvia for skulane med dei beste prosjekta i vår region. Deltagarane blir m.a. inviterte til å presentera prosjekta for andre inviterte elevar og lærarar.

### **Undervisning**

Jærmuseet kan i dag tilby over 60 undervisningsopplegg på ulike lokalitetar. I 2005 hadde dei faste anlegga besøk frå skular i 16 ulike kommunar, fire utanom Rogaland. Science Circus har hittil besøkt alle kommunar i Rogaland utanom Kvitsøy. I 2005 besøkte dei i alt 81 skular.

Som det går fram av tabellen utgjer grunnskulen den største elevgruppa med i alt 35.835 elevar. Storparten av desse, 32.856 deltok i opplegg som kan knytast til Den kulturelle skulesekken.

### **Lærarkurs**

Både Science Circus og dei faste avdelingane held kurs for ulike lærargrupper m.a. med tanke på at lærarane etter kvart skal kunna nytta utstillingane og formidlingstilbuda meir på eiga hand. Science Circus held vanlegvis kurs for lærarar på alle skulane dei besøker for å inspirera til ei meir aktiv undervisning.

### Fordeling på klassesteg og anlegg i 2005:

	Kvia	Hå bygdem.	Gjesdal	Sandnes	FMS	Sc.Circ.	Sum
Barnehagar	1 572	30		47			1 649
Barnetrinnet	7 101	181	987	4 602	177	9 844	22 892
Ungdomstrinnet	1 764	147	130	3 218		7 111	12 370
SFO, fritidsgrupper	761		211	216			1 188
Vid. Skular	534	160		889		823	2 406
Studentar	137			145			282
<b>Sum</b>	<b>11 869</b>	<b>518</b>	<b>1 328</b>	<b>9 117</b>	<b>177</b>	<b>17 778</b>	<b>40 787</b>
Anna publikum	24 740	1 458	804	5 605			32 607
Utleige	2 591			298			
	<b>39 200</b>	<b>1 976</b>	<b>2 132</b>	<b>15 020</b>	<b>177</b>	<b>17 778</b>	<b>76 283</b>



Med Science Circus blir også matematikken spennande.  
Øyvind Nordbø engasjerer elevar på Helleland skule i  
Eigersund. Foto: Hanne Madsen, Jærmuseet



Aslaug og Tolleiv Aasen viser matkulturstudentane frå HLB koss ein lagar morrpølse.



Sandnes museum har i fleire år vore hovudarrangør av det regionale "Forskingstorget" i Solav. 10. NITO er mellom dei mange deltakarane på Forskingstorget.



Lærarar på kurs i fysikksløyd. Ein skuledag med Science Circus blir avslutta med to timars lærarkurs. Elles tilbyr me både heildags- og halvdagskurs for lærarar innanfor ei rekke tema knytt til læreplanane i naturfag. Foto: Jærmuseet.



Kyrkjebø oppvekstsenter, Skafå , Dalen i Telemark, har gjennom fleire år vore ivrige deltakarar i Nygjerrigper. Dei har og hevda seg godt i den nasjonale konkurransen. I 2005 deltok dei med prosjektet "Kvifor er det så stygg veg forbi skulen vår?" Elevane sitt prosjektarbeid ført til at fylkespolitikarane flytta denne vegstrekninga (fv. 810) høgare opp på prioriteringslista! For dette prosjektet fekk dei Ungt Entreprenørskap sin "Kreativitetspris" for 2005. Lærar Gunstein Seltveit og elevane frå Kyrkjebø oppvekstsenter presenterer sitt bidrag på Jærmuseet Kvia i 2005.

Foto: Jærmuseet.

#### Lærarkurs - fordeling

	Kvia	Sandnes	Sc.Circus	Gjesdal	Sum
Grupper	10	14	81	2	107
Tal lærarar	180	425	1746	17	2368

#### Praksisstudentar

Både Jærmuseet Kvia og Sandnes museum har dei siste åra vore praksisarenaer for lærarstudentar frå UiS. Frå 2006 vil dette opplegget også omfatta Science Circus.

#### SAMARBEID OM KOMPETANSEGJEVANDE KURS

#### GSPR "Garden som pedagogisk ressurs"

Jærmuseet har i samarbeid med høgskulen landbruk og bygdenæringer (HLB) på Nærland, Universitetet i Stavanger og landbruksavdelinga hos Fylkesmannen sett i gang eit prosjekt der målsettinga er å få til samarbeid gard-skule som del av den ordinære undervisninga i grunnskulen.

Dette året har me gjennomført eit praktisk og kompetansegevande kurs som har gått over tre helgesamlingar og som gir 10 studiepoeng. Universitetet for miljø og biovitenskap (UMB) på Ås har det faglege ansvaret for kursa.

#### Matkultur

Jærmuseet har vore med og lagt til rette matkulturstudiet på HLB (Høgskulen landbruk og bygdenæringer).

Delar av undervisninga har føregått på Jærmuseet Kvia.



Hå historie- og ættesoglag er sundagsvertar og er med og arrangerer aktivitetsdagar på Grødalaland. Ellaug Heskestad lærer den yngre generasjonen å spela "daldøsa", eit gammalt terningsspel som i dag berre er kjend på Jæren og i Danmark. Men som kanskje har røter tilbake til Romertida? Foto: Jærmuseet



"Teknikkens dag" er ein av dei store publikumsdagane på Jærmuseet Kvía. Dette året var oppvising med mikrofly eitt av trekkplastrå. Foto: Jærmuseet



Jærmuseet med Science Circus deltok på aktivitetsdagen på Flyhistorisk museum Sola med Science show og ulike aktivitetar.

Foto: Roar Henriksen



Bokkafe på Krossen Havremølle i Sandnes museum. Foto: Jærmuseet

## SAMLINGAR OG BEVARING

Jærmuseet har fått auka si gjenstandssamling frå 6 000 til 33 000 gjenstandar sidan 2001. I tillegg har museet også betydelege samlingar av privatarkiv (200 hylrometer) og fotosamlingar (158 000 foto). Kulturdepartementet har skjerpa krava til forvaltninga av musea sine gjenstandssamlingar. Frå 2006 har Jærmuseet sett i gang arbeid med å laga tiltaksplan for å komma a jour med registrering, katalogisering, sikring og bevaring.

Sikrings- og bevaringsforholda for store delar av samlingane våre er blitt betydeleg betre dei siste åra med fellesmagasin på Åmøy og spesialmagasin på Kvia. Men framleis har me store utfordringar når det gjeld sikring og bevaring av samlingane. Ennå er delar av samlingane oppbevarte i mellombels lokale, under usikre, og dels klimatisk utilfredsstilande forhold. Enkelte av bygdemuseumssamlingane er for dårlig sikra både m.o.t. oppbevaring og tjuverisikring, og me manglar framleis oversyn over delar av samlingane frå nokre av lokalmusea me har overtatt driftsansvaret for, - og skal overta ansvaret for.

Jærmuseet vil halda fram samarbeidet med dei andre regionmusea og Ams gjennom Senter for konserveringssamarbeid i Rogaland.

## BYGNINGAR OG ANLEGG

Jærmuseet er i gang med ulike restaureringsprosjekt som går over fleire år. Museet er i ferd med å bygga seg opp eit lager av gamle teglsteinspanner og murstein. Me kjøper også inn eit visst lager av tremateriale slik at det er eit lager å ta av til mindre utbetringar. Alle bygningar blei ettersedde i løpet av året.

## SÆRLEGE ARBEID:

### Heimehuset på Tranegården, Austrått i Sandnes.

Ved hjelp av tilskot frå Rogaland Fylkeskommune blei fleire vindu i 1. etasje tekne ut og renovert/reparert. Arbeidet blei utført av eit malarfirma. Alarmanlegg blei installert, noko som er sers aktuelt pga mykje ruteknusing.

### Audamotland, Hå

Restaureringsarbeidet på heimehuset på Audamotland har føregått periodevis i mange år – det har særleg stoppa opp på grunn av manglande handverkarressursar og manglande kapasitet hos museet sin eigen fagstab. Sidan 2004 har konservator Carl Egil Buch vore engasjert som fagleg konsulent for restaureringa. Undervegs har målet med arbeidet endra seg. Me ønskjer nå å la bygningshistoria og ulike tidsperiodar visa igjen i det restaurerte objektet.

I 2005 har det også vore utført ein del planleggingsarbeid for eit frittståande toalettanlegg i tunet. I det gamle fjoset er det nemleg innreia eit eige naturfagsrom, dels ved hjelp av eksterne midlar gjennom Hå kommune. Men me har så langt ikkje kunna tilby dette oppleget til skulane pga. av manglande toalettforhold. Det blei søkt om tippemidlar til prosjektet i 2005, og søknaden blir fornya i 2006.

### Grødal

Her er det fem antikvariske bygningar som blir vedlikehaldne og restaurerte etter behov. Det blei skifta vind- og vassbord på fleire av bygningane. Søndre skuten i Torehuset fekk ny kleddning. Det blei restaurert eit vindu i Gamlahuset og det er tatt ut fire vindauge som skal restaurerast i 2006.



I samband med det nasjonale kurset i smiing og kunstsmiing på Jærmuseet Kvía, inviterte vi publikum inn i smia søndagen. Smedlærar Peat Oberon frå England demonstrerer i verkstaden på Kvía medan to av deltakarane arbeider i essa. Foto: Jærmuseet

### **Bevaring av handlingsboren kunnskap**

Hausten 2005 blei det gjennomført eit nasjonalt kurs over fire dagar i vanleg smiing og kunstsmaing på Jærmuseet Kvia. Kurset hadde 12 deltakare frå heile landet og lærar frå England. Kursarrangør var Norsk handverksutvikling, Norsk Smedforening og Jærmuseet.

Som avslutning blei publikum invitert til eit ope arrangement der kursdeltakarar og lærar demonterte smiing.

### **ØKONOMI:**

Jærmuseet hadde i 2005 ei samla "omsetning" på 20.79 mill. kroner, inkludert bruk av overførte midlar og investeringar.

### **Tilskot og inntekter 2005**

Jærmuseet får driftstilskot frå staten, Rogaland fylkeskommune og jærkommunane. Inkludert vitensentermidlar og skulesekkmidlar er staten den største bidragsytaren.

Jærkommunane:	4,548 mill.
Rogaland fylkeskommune:	1,990
Kultur- og kyrkjedepartementet (KKD)	4,115
Vitensentermidlar (Noregs forskningsråd/UFD)	1,600
Den kulturelle skulesekken	1,200
Eigne driftsinntekter	1,700

Jærmuseet hadde i 2005 eit samla årsresultat, inkludert renteinntekter, på kr 622.276.

Dette hadde m.a. samanheng med større billett- og salsinntekter enn budsjettet, samtidig som fleire planlagde vedlikehalds- og oppgraderingskostnader er utsette til 2006 p.g.a. sterkt arbeidspress. Ein stor del av overskotet er derfor sett av til oppfølgjing av internett og profilering, investering i publikumsretta tiltak og utstillingsprosjektet "Abels skissebok".

# Resultatregnskap for Jærmuseet 2005

## **DRIFTSINNTEKTER**

	<b>2005</b>	<b>2004</b>
FASTE OFFENTLEGE TILSKOT	10 653 732	10 399 177
SALSINNTEKTER	533 094	282 045
ENTREINNTEKTER	522 460	354 476
UTLEIGE	203 116	186 170
BOKSAL	79 486	53 135
MEDLEMSSKAP/ANNONSER	147 365	126 689
JORDBRUKSINNTEKT	58 595	40 966
OPPDRA�/KURS DIV. INNTEKTER	488 617	96 030
BRUK AV ØYREMERKA TILSKOT	8 259 681	6 983 745
REFUSJONAR	61 168	177 054
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>21 007 314</b>	<b>18 699 487</b>

## **DRIFTSKOSTNADER**

LØNNSKOSTNADER	8 929 251	7 613 725
HONORAR	100 577	100 559
SOSIALE KOSTNADER	2 206 422	1 989 482
INNKJØP AV VARER FOR SAL	398 215	240 697
KJØP INVENTAR OG MATERIELL	398 451	366 071
VEDLIKEHALD BYGG	348 626	448 706
NEDSKRIVING BYGG	68 463	535 262
VEDLIKEHALD ANLEGG	272 924	252 966
VEDLIKEHALD UTSTYR/SAMLINGAR	108 096	156 966
VITENSENTERUTSTILLINGER	3 735 828	2 366 726
KONTOR OG ADM.KOSTNADER	460 605	485 334
STRAUM OG REINHALD	643 370	471 116
LAGERLEIGE	55 440	49 811
AVGIFTER/FORSIKRINGAR	257 726	236 345
REISER/KURS/TRANSPORT	494 483	559 023
GARDSDRIFT	98 865	113 153
MARKNADSFØRING/PUBLIKUMKOSTN.	597 321	651 774
PUBLIKASJONAR/DOKUMENTASJON	129 402	120 706
ORD. AVSKRIVINGAR	183 922	80 911
KJ. TENESTE/HONORAR SJØLV.NÆR.	767 075	1 573 342
ANDRE DRIFTSKOSTNADER	405 411	510 697
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>20 660 473</b>	<b>18 923 373</b>

Renteinntekter

275 435

**Årsresultat**

**622 276**

Overført annan eigenkapital

622 276

# Balanse pr. 31.12. - 2005

<b>Eigendelar</b>	<b>Note</b>	<b>2005</b>	<b>2004</b>
<b>Anleggsmidlar</b>			
<b>Varige driftsmidlar</b>			
Informasjonssystem	2	104 902	49 466
Byggetrinne 1	2	0	0
Byggetrinne 2	2	0	0
Uteanlegg/amfi Kvia	2	212 178	
Inventar/utstyr	2	0	0
Interiør møterom Kvia	2	48 728	
Kontorinventar/utsyr Sandnes	2	47 794	59 742
ITV-overvåking Kvia	2	118 712	
EDB-utstyr	2	0	0
EDB-installasjon Sandnes	2	58 747	83 924
EDB-dokumentstyring	2	67 340	96 200
Bilar/transportmidlar	2	187 787	234 733
Samlingar	5	200 000	200 000
<b>Sum varige driftsmidlar</b>		<b>1 046 188</b>	<b>724 065</b>
Innskot Nærbø Handelslag		22 700	20 764
Eigenkapitaltilskot KLP		50 569	28 917
<b>Sum finansielle anleggsmidlar</b>		<b>73 269</b>	<b>49 681</b>
<b>Sum anleggsmidlar</b>		<b>1 119 457</b>	<b>773 746</b>
<b>Omløpsmidlar</b>			
<b>Varelager</b>		<b>209 692</b>	<b>178 936</b>
<b>Fordringar</b>			
Kundefordringar		452 551	354 574
Meirverdiavgift		5 925	
Andre kortsiktige fordringar		2 807	8 217
<b>Sum fordringar</b>		<b>665 050</b>	<b>547 651</b>
<b>Bankinnskot kontantar og likn.</b>	<b>4</b>	<b>9 978 689</b>	<b>13 713 891</b>
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>10 643 739</b>	<b>14 261 542</b>
<b>Sum eigendelar</b>		<b>11 763 195</b>	<b>15 035 288</b>

**Balanse eigenkapital og gjeld****Eigenkapital**

<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Grunnkapital	5	200 000	200 000
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital		5 326 164	4 703 888
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>5 526 164</b>	<b>4 903 888</b>

**Gjeld****Ubrukte øyremerka midlar**

Ubrukte midlar, byggetrinn1	1	255 188	255 188
Vitenserterutstillingar	1	0	3 616 774
Andre øyremerka tilskot	1	2 615 675	2 977 582
<b>Sum ubrukte øyremerka midlar</b>		<b>2 870 863</b>	<b>6 849 544</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Hå kommune		288 000	288 000
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>288 000</b>	<b>288 000</b>

**Kortsiktig gjeld**

Vennelaget		6 353	5 403
Leverandørgjeld		1 111 664	1 300 081
Skuldig skattetrekk		433 460	378 362
Skuldig arbeidsgjeveravgift		259 206	195 332
Skuldige feriepengar inkl.arb.gj.avg	1 099 219	927 262	
Påløpt løn		99 260	152 600
Skuldig meirverdiavgift		33 476	
Forskot inntekter		35 530	34 816
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>3 078 168</b>	<b>2 993 856</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>6 237 032</b>	<b>10 131 400</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>		<b>11 763 195</b>	<b>15 035 288</b>

Nærbø, 30.03.2006

Martha J. Ulvund **Styreleiar** (sign.)

Per Øhman (sign.)

Roald G. Bergsaker (sign.)

Michael Evans (sign.)

Karl Edvard Aksnes (sign.)

Olav Bråtveit (sign.)

Terje Mjåtvæit (sign.)

Jostein W. Rovik (sign.)

Elfin Lea (sign.)

Inglen Haugland (sign.)

Tor Alm (sign.)

Målfrid Snørteland **Museumsdirektør** (sign.)



# Rogaland Revisjon IKS

Bjørnefjord Egersund Fitjar Fossen Gjerstad Hjelmeland Hå Kvinesdal Lund Randaberg

Karmøy Rogaland Fylkeskommune Sandnes Søndaland Sola Stavanger Strand Time

Vår saksbehandler:  
Cicel T Aarrestad

Vår dato:  
22.03.2006

Vår referanse:  
Side:  
1 av 1

Til  
Styret i Stiftelsen Jærmuseet  
v/ styreleder Martha Ulvund

## REVISJONSBERETNING FOR STIFTELSEN JÆRMUSEET 2005

Vi har revisert årsregnskapet for stiftelsen Jærmuseet for regnskapsåret 2005, som viser et overskudd på kr 622.276. Vi har også revisert opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift. Årsregnskapet består av resultatregnskap, balanse og noteopplysninger. Regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge er anvendt ved utarbeidelsen av regnskapet. Årsregnskapet og årsberetningen er avgitt med stiftelsens styre og daglig leder. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold i henhold til stiftelseslovens krav.<sup>1</sup>

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisionsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtatt av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialelet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper og vesentlige regnskapsestimater, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av god revisionsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av stiftelsens økonomiforvaltning og den interne administrative kontroll. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener at

- årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av stiftelsens økonomiske stilling 31. desember 2005 og av resultatet og kontantstrømmene (og endringene i egenkapitalen) i regnskapsåret i overensstemmelse med god regnskapsskikk i Norge
- ledelsen har oppfyllt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge
- opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og i samsvar med lov og forskrifter.

Vi har ikke fått kjennskap til noe forhold som tilsier at stiftelsens forvaltning ikke er foretatt i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektenes for øvrig.

Stavanger, 22.03.2006  
Rogaland Revisjon IKS

*Cicel T. Aarrestad*  
Cicel T. Aarrestad  
Revisjonsdirektør/  
statsautorisert revisor

<sup>1</sup> § 43, 3. ledd

Postadresse:  
Leikvært, 10  
4008 STAVANGER  
ESSENBMK.doc

Bebekkadresse:  
Samme  
Epostadresse:  
post@Rogaland-Revisjon.no

Telefon:  
40 52 00  
Telefax:  
51 84 47 99

Bankkonto:  
3201.35.35262  
Organisasjonsnr:  
NO 887 052 832 MVA